

STANDARD SELECTION



NB Rana
Depotbiblioteket

Utgangspunkt

Av Agneta Pleijel

To vaksne sysken prøver saman å minnast korleis det gjekk til da faren forlét familien. Den yngre søstra fortel eit minne med mange detaljar der den eldre søstra spela ei aktiv rolle og

blir ho meir usikker. Minnet byrjar å bli uskarpt i konturane. Ho blir ille til mote; Kan det vere slik at noko som ho minnest så vel, er skapt av hennar eigen fantasi? Kven er ho da? Kva har

Medan reisa gjekk føre seg, opplevde dei den på ulike måtar, og dei tretta ustanslegg. Han hadde vondt i magen og tykte det var varmt. Ho naut den friterte blekkspruten og var irritert



hjelpa faren med å pakke kofferten. Den eldre søstra hugsar ingen ting. Nei, ikkje ein gong at dette har skjedd. Ho ringjer etter ei stund til søstra si, uroleg av den underlege gløymsla si. Ho spør, med ei viss von, om det ikkje kan vere slik at søstra har funne på dette som ho har fortalt?

Men nei. Den yngre søstra minnest framleis alt heilt tydeleg. Litt seinare

ho innbilt søstra si? I mellomtida har den eldre søstra alt byrja å leggje denne hendinga - som ho ikkje hugsar - inn i si eiga livshistorie, som av dette får ei ny tolking.

Korleis det var i røynda, får dei ikkje greie på.

Her er ei anna historie frå livet. To ektefellar fortel om att og om att for venner og barn om reisa si til Portugal.

over dei blikka som mannen hennar kasta på den kvinnelege servitøren. Men ettersom tida går, har dei avstemt det dei minnest og slipa det av i kantane. Til slutt har reisa til Portugal vorte eit felles fint minne. Dette og andre liknande vakre minne held ekteskapet deira saman.

*

Kva er minnet? Og kva er familien, om ikkje ei oppstilling av kodifiserte minne? Om dei er sanne eller falske, spelar mindre rolle. Dei vage minna får konturar når dei blir tolka i lyset av den felles forteljinga. Dette er familiealbumet.

Ingen ting er så roande og løgnaktig som familiealbumet.

Kva skjer den dagen da ein av familiemedlemmene - oftast eit ungt

skuldingar, ofte betent, personleg uvennskap, smertefulle stridar.

Dette kan sjølvsagt føre til ny gjennomprøving og til at det oppstår nye slag album, og i nokre lykkelege tilfelle til ei litt sannare oppfatning av det verkelege. I alle fall for ei stund. Tida og utviklinga går jo svært fort: alt som er fast, blir borte. Og i alltid snøggare takt - det blir spegla av i

enda meir om dei fekk lytte til sine barnebarns barns samtale heime ved middagbordet. Kva er det dei unge talar om? Joysticks? Oralsex? Sine indiske og muslimske naboar? Eg ser dei for meg når dei med oppspilte augo prøver å orientere seg i den røynda som dei nyleg har forlate.

*



menneske - prøver å kome seg ut av forteljinga og kallar alt saman for ei stor løgn? På same måten med den nasjonale historia og alle andre kollektive minneprosessar. Dei byggjer på verdien av felles minne. Nokon eller noko kan uventa dukke opp og stiller spørsmål ved den grunnleggjande mytedanninga som held i hop eit folk. Resultatet blir motsetningar og

oppfatninga av generasjonar. Da eg var ung, representerte ein generasjon avstanden til nokon ein kunne blitt fødd av. No er det berre nokre år mellom - generasjonane. Og det Sverige der eg vart fødd, er eit anna enn det eg lever i no.

Besteforeldra mine, fødde i slutten av 1800-talet, ville bli svimle om dei vart plasserte på Sergels Torg. Og

Dette stykket startar i ei tid som snart kjennest like fjern som tida til beste-foreldra mine, i ein middel-klassfamilie i det nye velstands-Sverige seint på 1950-talet. Det omfattar om lag eit kvart hundreår. Mordet på Olof Palme fekk mange til å forstå at gamle vante førestellingar om landet ikkje lenger stemde. Sverige tyktest på mange måtar vere eit utforska land.

I privatlivet vart veldig mykje forandra i dette kvart-hundreåret. I dag er opplysinga av familien ei kvardags-hending. Slik var det ikkje i året 1960. Da vart enno to unge menneske spurde om dei var gifte med kvarandre når dei ville ha felles hotellrom. Dei lidenskapane - pasjon og svartsjuka - som høyrde med til mitt ungdoms-bilete av kjærleiken, ser på ein merkeleg måte ut til å ha blitt

skilde, same kor mykje terapeutar talar oppmuntrande om lykkelege skilsmisser, og same kor mykje barna blir fortalde at skilsmisse er ei normal hending. Det som så mange er med på, må vel få eit normalitets-stempel for å dempe smerta. Skilsmisse - med sine sanningar og løgner, sine forteiingar, identitets-skakingar og skuld-for-delingar - det er grunnmotivet i

merka korleis det gjekk til - har vorte uthola og tida har skifta andlet?

*

Rollefigurane sine individuelle minne om den same tidsperioden er truleg like umoglege å sameine som tilfellet var hos dei to søstrene - om dei kunne jamføre det dei hugsar. Dette er ikkje noko tids-



utladda. Alt, nesten alt, er tillate, i alle fall på det seksuelle området. Men det finst nye tabu. Likestillinga mellom kjønna skaper ein slags kjenslepuritanisme, enda så underleg det kan høyrast. Eller er det beint fram varsemd? Ein ny slags klokskap? Eit forståeleg forsvar mot emosjonelle tap?

Det kan òg vere eg som ikkje kan tyde teikna i tida.

Framleis er det sjølvsgatt ein katastrofe for eit barn når foreldra blir

stykket. Tapet, altså. Dei sju rollene representerer dei som er nærmast innblanda.

Det er ikkje noka ytre tidskrønike. Eg har prøvd meir å fange inn dei indre livshistoriene hos desse sju menneska - som så å seie er sameinte av ei skilsmisse - i løpet av 25 eller 30 år. Korleis blir dei forandra, kva for val tek dei, kvar finn dei haldepunkt når normene som ligg til grunn for oppsedinga deira - utan at dei har

bunde, trur eg. Det individuelle minnet sitt forhold til tida og historia interesserer meg, like eins som forandringa. Eg ville at alle dei sju skodespelarane skulle vere nærverande på scenen heile tida. At dei, saman med publikum, skulle vere vitne til og stille reagere på scenar som dei andre spelar.

Dei skulle bli konfronterte med sine egne liv.

Ja, eg ville det skulle vere som om desse sju faktisk delte med kvarandre

dei individuelle minna sine, i eit slag tidlaust etterpå. Det er ein tankeleik - ikkje alltid behageleg - å få treffe dei som ein har delt tid og opprivande hendingar med, og kunne fortelje om sin eigen minne-versjon og ta del i dei andre sine. Denne tankeleiken som også er ein idé om den teatrale forma, formidla eg til skodespelarane og regissøren å ta i bruk slik som dei ville.

minnet og kva for underlege tomrom var det ikkje i minnet. Av denne første scenen om ein far i 1950-åra som med uklare gestar reiser frå familien, vart rollene til. Heldigvis var det ikkje meininga at dei skulle gjengi mitt liv og min familie, men litt etter litt skulle dei fortelje sine eigne livshistorier.

Av og til er det nok slik at liva til rollefigurane kryssar mitt eige liv. Eg



Eg hadde ei førestelling av at stykket, i alle fall på eitt plan, var ei slags felles minneakt for rollene.

I alle fall byrja det for meg som ein meditasjon over minnet. Den første scenen var eit forsøk på å møblere eit tomrom. Impulsen kom frå dei samanlikningane som eg og syskena mine gjorde langt seinare i etterhand etter skilsmissha til foreldra våre. Kor ulikt hadde vi ikkje oppfatta dei same hendingane, kor svevande var ikkje

deler tid med dei, dermed også røyns-lene med å vekse opp i ein middelklasse-heim i etterkrigs-Sverige, så rikt og samtidig så isolert og stumt. Så ufatteleg klassesdelt. Samtidig no etterpå så ufatteleg homogent. Så veldig langt borte frå det massmediale, eg-innstilte og psykologiserande samfunnet i notida. Og ikkje minst - usikkert for den som da var ei ung kvinne som lengta etter ein udefinert og formlaus fridom.

(Omsett av Leif Mæhle)

Ps. «Standard Selection» - ein billeg whisky, men ein gong faktisk namnet på den beste kvaliteten - hadde ikkje vorte skrive utan Lennart Hjulströms oppmundrande ønske om enda ein gong å få setje i scene eit stykke av meg. Han sette opp det første stykket mitt, det som eg skreiv saman med Ronny Ambjörnson, på Göteborgs stadsteater - Ordning hårskar i Berlin (1969) - like eins som dei fleste av dei som kom etterpå. Når ein reknar åra, har det vore eit langt samarbeid. Men no var det lenge sidan sist.



STANDARD SELECTION

av Agneta Pleijel
Omsetjing: OLA E. BØ

Tekstbearbeiding og dramaturgi, instruktør:
BJÖRN MELANDER
Scenografi og kostyme: HELGE HOFF MONSEN
Lysdesign og video: TERJE WOLMER

Lennart, gift med Laura	NILS SLETTA
Laura, første kona til Lennart	RAGNHILD HILT
Ella (Ellinor), eldste dotter deira	INGRID JØRGENSEN
Rina (Katarina), yngste dotter deira	KIRSTI STUBØ
Nils, gift med Eva	STÅLE BJØRNHAUG
Eva, gift med Nils	TRINI LUND
Calle, son deira	ERLAND BAKKER

Musikk: SVENN ERIK KRISTOFFERSEN
Musikk og lyd på tape av Twice a man, Christian Snilsberg,
Peking Operaen, Sergei Prokofiev, Arvo Pärt, Tortoise,
Wibutee, Heitor Villa-Lobos
Valt ut, redigert og plassert av Christian Snilsberg.

Bamboofon, grønn klarinett, pumpeorgel, trekkspel:
SVENN ERIK KRISTOFFERSEN

Inspisient
Maske
Lyd
Lysmeistrar

Rekvisitør
Sufflør
Scenekoordinatorar


Kostymekoordinatorar
Rørslekonulent

Takk til Schlagerforlaget
Foto: Espen Tollefsen

Noregspremière 29. august 2001 på Scene 2

Programredaksjon: Björn Melander, Ida Michaelsen, Signe Bjørvik
Grafisk formgjevar: Knut-Jarle Hvitmyhr
Trykk: Falch AS

Pål Pande-Rolfsen
Stig Wedvik
Christian Snilsberg
Pelle Dengsø/
Per Willy Johansen
Pål Branzeg
Sissel Lillo-Stenberg
Birger Kingsrød/
Eigil Aasen
Kirsten Høidahl
Frantisek Veres



Fysikaren Heisenberg, nobelprisvinnar, legg fram ny teori om den minste partikkelen

Aksjonsgruppa mot svenske atombomber (AMSA) blir grunnlagd

Kina innfører folkekommunar

Castro tek makta på Cuba

2 U-2 fly stasjonert ved Bodø Flystasjon

Billie Holiday døyr i New York

Lov om rett til 9-årig obligatorisk grunnskole i Noreg

Frankrike sprengjer si første plutoniums-bombe i Sahara

Dei første tre kvinnene blir vigsla til prestar i Sverige

Bresjnev blir president i Sovjet

Borgarkrig i Kongo

John F. Kennedy blir president i USA

Francis Gary Powers blir skote ned i eit U-2 fly over russisk territorium

Fjernsynet kjem til Noreg

Regjeringsjefen Lumumba blir myrda i Kongo

Ingemar Johansson (Ingo) tapar mot Floyd Paterson

Eksilcubanarar og CIA invaderer Grisebukta

USA støttar Sør-Vietnam mot FNL (Den nasjonale frigjeringsfronten)

Berlinmuren blir bygd

FN's Dag Hammar-skjöld døyr i ei flyulykke

Sosialistisk Folkeparti (SF) blir danna i Noreg og får 2 representantar inn på Stortinget

Ingrid Bjerkås blir Noregs første kvinnelege prest

Dei første amerikanske astronautane i rommet

Cubakrisa: nesten krig mellom USA og Sovjet

Gruveulykka i Kings Bay på Svalbard


1958

1959

1960

1961

1962



Protestmarsj i USA mot rasediskriminering

Granskingsrapporten om Kings Bay-ulykka blir kjend. Gerhardsen-regjeringa blir felt. John Lyng blir ny statsminister. Aps regjeringsmonopol blir brote.

Popkunsten blir presentert på Moderna Museet

Politisk strid mellom Kina og Sovjet

Krutsjov besøker Sverige

Amerikansk napalm over USA

Rolling Stones besøker Sverige

Raseopptøyar i Watts i USA

Dei borgelege partia på Stortinget vinn valet og danner regjering med Per Borten som statsminister. Aps politiske hegemoni er over.

Becketts *Mens vi venter på Godot* på Dramaten

Kulturrevolusjon i Kina

Amerikansk plantegift over Vietnam

Israel sigrar i seksdagerskrigen

Hippiekulturen blomstrar i USA

Che Guevara blir skoten i Bolivia

Folketrygda innført i Noreg

Natur og Ungdom blir stifta

«Praha-våren» – liberalisering i Tsjekkoslovakia, russisk innmarsj i Praha

Folkemord i Biafra

OL i Mexico – amerikanske utøvarar demonstrerer for Black Power

Universiteta i Tromsø og Trondheim blir vedtatt oppretta

1963

1964

1965

1966

1967

1968

Studenten Jan
Palach brenner seg
til døde i Praha

Woodstock-
festivalen i USA

Olof Palme blir
statsminister

Massaker i Song My

Første mennesket
(amerikaner) på
månen

Første oljefunn på
Ekofisk

Dei nye partia KFML
og KDS deltar i
riksdagsvalget i
Sverige

Svensk vernepliktig
blir dømd for altfor
langt hår

Folkebevegelsen
mot EEC blir skipa

Louis Armstrong
døyr

Russisk dødsulykke i
rommet

Krig i Bangladesh

Nixon møter Mao i
Kina og er den
første amerikanske
presidenten som
besøker Moskva

Vesttyske terroristar
blir gripne i Frankfurt

Arabisk terror-
angrep under OL i
München

Noreg seier nei til
medlemsskap i EF
gjennom
folkeavstemming

Statoil blir etablert

Pablo Picasso døyr

Gustaf VI Adolf døyr

IB-rettsak mot Jan
Guillou og Peter
Bratt

AKPml stifta

Duke Ellington døyr

President Nixon går
av på Watergate-
skandalen

FN utlyser
«kvinneår»

Fremtiden i våre
hender blir stifta

1969

1970

1971

1972

1973

1974



BJÖRN MELANDER

regissør, er utdanna ved Scenskolan i Göteborg 1966-69 og arbeidde først som skodespelar ved Göteborgs Stadsteater, seinare som regissør. Der sette han m.a. i scene Strindberg, O'Neill (*Lang dags ferd mot natt*), Kroetz, Arthur Miller (*Heksejakta* og *Alle mine søner*) og Lars Norén (*Natten er dagens mor* og *Kaos er granne med Gud*). Han har også regissert ved Folkteatern i Göteborg, Folkteatern i Sverige og Dramaten. Hans første oppsetjing på Dramaten var Edward Bonds *Sommar* (1986). Sidan følgde Lars Noréns *Och ge oss skuggorna* (1991) om dramatikaren Eugene O'Neill og hans kone Charlotte med m.a. Max von Sydow og Margaretha Krook. Deretter sette han i scene Lars Noréns *Tida er vår heim* (1992), Edward Albees *Tre långa kvinnor* (1995) og Arthur Millers *Den siste yankee* (1996). På Göteborgs Stadsteater regisserte han nok eit Lars Norén stykke i

1996 – *Blod*. Melander har gjort mange fjernsynsproduksjonar – m.a. Noréns *Natten er dagens mor*, *Kaos er granne med Gud* (1984) og *Komedianter* (1987), Willy Russells *Timmarna med Rita* (1988), serien *Guld-buren* med Agneta Pleijel som forfatter (1991), Tjehovs *Måsen* og *Onkel Vanja* (1995), samt TV-versjonar av *Och ge oss skuggorna* (1992) og *Tre långa kvinnor* (1997). Hausten 1999 sette Melander opp Lars Noréns *Personkrins 3:1* på Det Norske Teatret. For denne fekk han Heddaprisen for beste framsyning. Han har òg dei siste åra laga to versjonar av Ibsens *Et Dukkehjem*, Arthur Millers *Broken Glass* og *Tosca* på Karlstadsoperaen.

HELGE HOFF MONSEN

er utdanna ved kunstakademiet i Kraków, Polen, og debuterte som scenograf på Det Norske Teatret med *Kjærlighetshagen* av Tomas Zewski i 1966. Han har seinare arbeidd i Polen og ved dei fleste norske teatra.



Sidan 1986 har han vore fast tilsett ved Det Norske Teatret, der dei viktigste oppgåvene har vore m.a. *Stormen*, *Keisar* og *Galilear*, *Puntilla*, *Det Grenselause landet*, *Figaro*, *Kongsemnerne*, *Cyrano de Bergerac*, *Madame de Sade* og *Medmennesket*. Ved Nationalteatret har Hoff Monsen m.a. hatt scenografien på *Hundens testament*, *Loke* og *Når en ny vin*. Ved Den Nationale Scene har han m.a. hatt scenografien på *Nathan den vise*, *Leken i skogen* og *Trettendedagsaften*. Helge Hoff Monsen har motteke ei rad prisar og utmerkingar for sitt arbeide som scenograf. I 1994 fekk han Kritikerprisen for scenografien på *Cyrano de Bergerac*. Han har i tillegg motteke dei lokale teaterprisane i Bergen (Pernilleprisen), Stavanger (Maktå) og Oslo (Oslo Bys Kulturpris).

Vietnamkrigen er slutt

Terroristrettsaker i Tyskland
Ulrikke Meinhof henger seg i fengslet i Tyskland

Møte mellom sovjetisk og amerikansk romfarkost i rommet
Opprør i gettoen i Sør-Afrika
Mao Tse-Tung dør

Den spanske diktatoren Franco dør
Carter blir president i USA

Punkbølga når Sverige

Raggarar og assyrarar slåst i Södertälje

Elvis Presley dør

Tyskland får eit miljøparti

Camp David – Carter ordnar fredsmøte mellom egyptarar og palestinarar

Ayatolla Khomeini utropar den islamske republikken i Iran

Kjernekraftulykke i Harrisburg

Sosialdemokratane går med på folkeavstemming i kjernekraftspørsmålet i Sverige

Sovjet invaderer Afghanistan

Palme blir FN-meklar mellom Iran og Irak

Firarbanden i Kina blir dømd

1975

1976

1977

1978

1979

1980



ERLAND BAKKER

var utdanna frå Statens Teaterhøgskole i 1995 og debuterte ved Rogaland Teater same haust. Han har spelt i m.a. *Prosessen* av Franz Kafka, *Erasmus Montanus* av Holberg og *Glassmenasjeriet* av Tennessee Williams. Han hausta

særleg gode kritikkar for si tolking av Raskolnikov i *Forbrytelse og Straff*. Erland Bakker kom til Det Norske Teatret våren 1998. Her har han m.a. spelt rolla som Mesa i Paul Claudels *Dagskilje*, som blei sett i scene av Liv Ullmann. Han har elles medverka i *Hustruskolen* av Molière, *Jeppe på Berget* av Holberg, *John Gabriel Borkman* av Ibsen og spelt rolla som Orlando i Shakespeares *Som du vil*. Erland Bakker spelte dessutan rolla som Clifford Bradshaw i Oslo Nye Teaters kritikkar- og publikumsroste *Cabaret* som hadde premiere hausten 2000. I fjor medverka han òg i Nasjonalballettens oppsetjing av *Farlige Forbindelser*.

STÅLE BJØRNHAUG

har vore fast tilsett på Det Norske Teatret sidan 1981, og har vist stor spennvidde i rolletolkingar, frå Keisar Julian i Ibsens *Keisar og galilear* via Didrik i *Medmenneske* av Olav Duun og til hovudrolla som Olav



Bjørnhaug spelte tittelrolla i Ibsens *John Gabriel Borkman* våren 2000. Sentralt står også framsyninga *Bloddrøpe-trall*, ei vandring gjennom Kristoffer Uppdals lyrikk som han laga saman med Ola E. Bø, til musikk av Gunnar Germeten og bilete av Jakob Weidemann.



RAGNHILD HILT

avslutta Statens Teaterhøgskole i 1971 og debuterte same hausten i rolla som Anne Boleyn i *Dronning i 1000 dagar* her på Det Norske Teatret. Ho har gjort ei rad store og betydningsfulle roller – som *Agnes* i Brand. Ho var ei kraftfull Antigone og ei sterk Johanna i Brechts *Heilage Johanna*. Ho spelte Olga i Tjekhovs *Tre søstres*, den sensuelle Titania i *Ein Midsommar-nattsdraum* og Gina Ekdahl i *Vildanden*, Fru Linde i *Et dukkehjem* og Gunhild

Åsteson i *Draumkvedet*. Han har gjort store roller på andre teatre som m.a. tittelrolla i Ibsens *Brand*, Brechts *Arturo Ui* og Goethes *Faust*. Andre store roller har vore Ol-Kanelesa i *Den fjerde nattevakt* av Falkberget og George i *Om mus og menn* av John Steinbeck. Ståle

Borkman i *John Gabriel Borkman*. Ragnhild Hilt hadde tittelrollene i *Madame de Sade* og i *Berenice* av Racine. Berenice innleia det nære samarbeidet med den franske teaterregissøren Jacques Lasalle som heldt fram med Elmire i *Tartuffe* og Ljubov i *Kirsebærhagen*. Rollene spenner òg frå den skjøne Roxane i *Cyrano de Bergerac* til den grusomme syster Rached i *Gaukreiret*. Ragnhild Hilt hadde rolla som Hege, Mattis' syster i suksessframsyninga *Fuglane* av Tarjei Vesaas. I 1982 dramatiserte ho med stor suksess Torborg Nedreaas' roman *Av måneskinn gror det ingen ting* og tok den opp igjen 14 år seinare. Ragnhild Hilt har sett saman ei rekkje program med dikt og musikk av m.a. Karin Boye, Tarjei Vesaas, Tor Jonsson, Sigbjørn Obstfelder, Edith Södergran og Jon Fosse. Ragnhild Hilt spelar òg for tida rolla som Mora i *Vakkert* av Jon Fosse.



INGRID JØRGENSEN

var ferdig på Statens Teaterhøgskole i 1990. Ho har vore tilsett ved Rogaland Teater i perioden 1990-97, der ho m.a. spela Sally Bowles i *Cabaret*, tittelrolla i *Kanin Kanin*, Gerd i *Brand* og Hodel i *Spelemann på taket*. Ingrid Jørgensen kom til Det Norske Teatret hausten 1997 og

Kvinner deltek for første gong i Wasaloppet

Naziprossane blir avslutta i Tyskland Israel tvingar PLO tilbake i Libanon

Unntakstilstand i Polen - Solidaritet Olof Palme vann valet

Aksjon mot kraft-utbygging i Alta-elva Leonid Bresjnev dør

Arne Treholt blir stilt for retten for spionasje

Gorbatsjov blir generalsekretær i det sovjetiske kommunistpartiet

Tage Erlander dør

Reagan og Gorbatsjov møter kvarandre i Moskva

Olof Palme blir myrda

Kjernekraftulykke i Tsjernobyl

Amerikansk fly bombar i Libya

Razzia mot kurdarar i jakta på Olof Palmes mordar

Harlem Brundtlands «kvinneregjering»

1981	1982	1983	1984	1985	1986
------	------	------	------	------	------

har fått svært gode kritikkar for rolla som hesten Stjerna i familiestykket *Guten og Stjerna* og innsatsen i revyen *Tusen år og like blid*. Ingrid Jørgensen spela i musikalen *Karusell* og hadde den kvinneleg hovudrolla som Kätchen i *The Black Rider* hausten 1998. Hausten 2000 hadde ho stor suksess med stykket *Some day my prince will come* – basert på novella *Der Bau* av Franz Kafka. Ingrid Jørgensen var, saman med instruktøren Morten Krogh, initiativtakar til denne framsyninga som blanda Kafkas stramme språk med eit knippe amerikanske standardlåtar.



TRINI LUND

har sidan debuten i 1975 vore knytta til Det Norske Teatret, der ho har spelt i eit svært variert repertoar. Ho har hatt sentrale roller i ei rekke klassiske og moderne stykke av m.a. Shakespeare, Holberg, Strindberg, Brecht, Thomas Bernhard, Lars Norén så vel som i musikalar og kabaretar. Ho har m. a. hatt roller som Anita i *West Side Story*, Minda i *Prøysens Trost* i *Taklampa* og Bule-Jenny i Bertolt Brechts *Tolvskillingsoperaen*. Ho spelte rolla som Sally Bowles i Yannis Houvardas oppsetjing av *Cabaret* i musikalteltet ved Chateau Neuf (Cirkus Berny) i 1984.

Året før arbeidde ho seks månader som klovn i same teltet. I tillegg har Trini Lund spelt i ei rad greske tragediar både på scenen og i fjernsynet – m.a. i *Medea* av Euripides, *Antigone* av Sofokles her på Det Norske Teatret og i *Elektra* av Euripides på Riksteatret. I 1988 stod ho sjølv for tekstutvalet til sin eigen Brecht/Weill-kabaret – *Blodhunden*. Trini Lund spelte Lena i Lars Noréns *Personkrins 3:1* som Björn Melander sette i scene hausten 1999 på Det Norske Teatret.



NILS SLETTA

Nils Sletta debuterte i 1965 på Riksteatret og har vore tilsett ved Det Norske Teatret sidan 1969. Her har han vist seg som ein allsidig karakterkunstnar med rolletolkningar som spenner frå *Vesle Klas* i H.C. Andersens eventyr om *Vesle Klas og Store-Klas* til rolla som den dødsdømde i John McGraths *Bakkes store natt*. Han spelte *Peer Gynt* i Ingebjørg Sems oppsetjing i 1970. Sletta var Romeo i Kjetil Bang-Hansen oppsetjing av *Romeo og Julie* i 1975 og hadde ei ny Shakespeare-oppgåve som Puck i *Ein Midsommarnattsdraum* i 1980. Han spelte tittelrolla i Stein Winges oppsetjing av Michel de Ghelderodes *Barabbas*. Nils Sletta hadde stor suksess med

dramatiseringa av Tarjei Vesaas' *Fuglane* der han, i tillegg til idé og dramatisering av romanen, spelte rolla som Mattis. For denne prestasjonen fekk han Kritikkarprisen i 1997. Våren 2000 overførte han Dostojevskjis *Kjellarmennesket* til scenen.



KIRSTI STUBØ

Kirsti Stubø gjekk ut av Statens Teaterhøgskole våren 1998 og kom til Det Norske Teatret våren 2001. Ho har tidlegare vore tilsett på Rogaland Teater i 2 år. Der har ho m.a. spelt Irina i *Tre Søstre*, Asta i *Lille Eyolf* og Marie i *Woyzeck*. På Det Norske Teatret har Kirsti Stubø utmerka seg i rolla som Jenta i Lars Noréns stykke *November* som Norén sjølv sette i scene våren 2001. I tillegg har ho spelt rolla som Sanja i *Beogradtrilogien* av Biljana Srbjanovic. I haust blir ho å sjå på kino i rolla som Signe i filmen *Det største i verden* av Thomas Robsahm.

Depotbiblioteket



01sd 32 508

det norske teatret

www.detnorsketeatret.no